

Innstilling til styre i Kringkastingsringen 2021-2022

Leiar:

Inger Johanne Ruset

Styremedlemer:

Mone Celin Skrede

Kari Nygard Tvilde

Anders Boine Verstad

Ingjerd Lindeland (vald for 2 år 2020)

Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad (vald for 2 år 2020)

Hans-Olav Rise (vald for 2 år 2020)

Varamedlemer:

Arne Henning Årskaug

Ivar Bruvik Sætre

Mona Vetrhus

Vegard T. Foseide

Skildring av medlemmane:

Inger Johanne Ruset kjem frå Linge i Møre og Romsdal. Ho arbeider som informasjonsrådgjevar i Noregs Ungdomslag. Ho har tidlegare arbeidd ved Ingebrigt Davikhuset i Brattvåg, NRK Møre og Romsdal og Futuvision Media. Ruset var nynorskpraktikant våren 2013. Ho har ein dobbel mastergrad frå London School of Economics og Fundanuniversitetet i Shanghai innan media og internasjonal politikk.

Mone Celin Skrede er oppvaksen på Sunnmøre. Ho er utdanna journalist frå Volda, og har jobba i lokalavisa Vikebladet Vestposten, og ho har vore praktikant i Nynorsk avissenter. Dei siste åra har ho arbeidd i Dag og Tid, Nationen og Aftenposten. I 2021 begynte ho i fast jobb hjå Uloba, som er ein ideell organisasjon som arbeider for likestilling av funksjonshemma.

Anders Boine Verstad kjem frå Karasjok. Han har samisk som morsmål saman med norsk. Til dagleg er Verstad journalist hjå NRK Sápmi. Denne vinteren har han vore på internutlån hjå NRK Sport, der han har starta prosessen med å få bruke nordsamisk som reportasjespråk. Verstad ser fram til å fronte dei samiske språka i media framover. Etter å ha fått ein nynorskbrukande sambuar er også nynorskkampen vorten viktig for han.

Hans-Olav Rise kjem frå Ulsteinvik i Møre og Romsdal. Han er tilsett som frontsjef hjå Vårt Land. Tidlegare var han vikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyheter. Rise var nynorskpraktikant våren 2012, etterpå har han jobba i NRK Møre og Romsdal, og han har studert journalistikk ved Høgskolen i Oslo og Akershus. Ved sida av studia har han arbeidd for NTB og NPK.

Kari Nygard Tvilde kjem frå Voss i Hordaland. Tvilde har fast jobb som journalist i NRK Innlandet. Ho er utdanna journalist med master i dokumentar og journalistikk frå Høgskulen i Volda. Ho har brei erfaring som journalist i NRK og har også gjort TV-produksjonar for TV2, der ho har jobba som reporter/regi, VJ og klipp.

Ingjerd Lindeland er opphavleg odelsjente frå Sirdal i Vest-Agder. Ho har master frå NTNU og studerte ei blanding av engelsk, nordisk, historie og statsvitskap. Lindeland har erfaring frå ulikt organisasjons- og styrearbeid på deltid og fulltid, m.a. språkutvalet på NTNU og Redaksjonsrådet for Universitetsavisa. Har jobba som stortingsreferent sidan 2012.

Sigrd Sofia Kleiva-Gramstad er frå Ørsta og Oslo. Ho har erfaring frå Målungdomen, AUF og Arbeiderpartiet, og arbeider no i Norsk Journalistlag. Ho er russlandsvitar av utdanning.

Varaer:

Arne Henning Årskaug kjem frå Holsen i Sunnfjord og bur på Lambertseter i Oslo. Han er bibliotekar ved Drammensbiblioteket og forfattar ved Det Norske Samlaget.

Ivar Bruvik Sætre er fødd og oppvaksen i Førde i Sunnfjord. Han arbeider som journalist i avisa Firda og som lærar for praktikantane i Nynorsk Avissenter. Sætre elsker musikk, fjellturar og å skrive, og han har eit stort hjarte for nynorsken.

Mona Vetrhus er oppvaksen i Uskedalen og bur i Oslo. Ho arbeider i Leser søker bok i tillegg til å vera forfattar. Vetrhus har bakgrunn som journalist, mellom anna frå programmet *Diktafon* på NRK P2.

Vegard T. Foseide kjem frå Fræna i Møre og Romsdal, og han jobbar som gruppesekretær for Raudt Oslo. Han har studert nordisk, engelsk, spansk og pedagogikk i Oslo. Foseide var nynorskpraktikant 2010/2011, og fekk fast jobb som informasjonskonsulent i Changemaker etterpå. Han har òg jobba ei tid i Von kommunikasjon og i Jobbsøkerhjelpen. Foseide har vore styreleiar i Kringkastingsringen.

Valnemnd:

Sigrd Sørungård Botheim

Lars Ivar Nordal

Martin Toft